

KNM Hitra gjekk gjennom Storsund i dag på veg frå Norheimsund til Sæbøvik. Båten er ute i oppdrag for Norges redningsselskap. Endre Helland er opplæringsleiar og med på toktet. Han er son til Henny og Dag Helland med fast ferieplass i Fjæro på Beinavikjo.

Båten er bygd i USA i 1943 som ein hurtiggåande ubåtjagar med treskrog. Saman med systerskipa Hessa og Vigra vart Hitra sett inn i trafikken mellom Noreg og Shetland det same året. Fartya vart på folkemunne kalla Shetlandsbussane. Dei leverte agentar og militært materiell til Noreg og tok flyktningar med attende over Nordsjøen. Etter krigen vart skipa brukte i kystoppsynet før dei vart selde til sivile i 1959.

Hitra vart funnen som vrak i Sverige i 1981, henta heim og restaurert på Oma Båtbyggeri på Stord. Gunnar Oma var primus motor for berging og renovering. Han var nyleg i Kvinnherad og fortalde om det store arbeidet med å berge båten. Marinen ved Marinemuseet eig Hitra i dag og skipet har sin faste plass på marinebasen Håkonsvern ved Bergen.

Av Kristian Olav Bringedal